



Som pensjonist ønskjer Kristian Bringedal m.a. å bidra til meir bruk av Haugland skulemuseum

I dag hadde Kristian Bringedal sin siste arbeidsdag som kultursjef i Kvinnherad kommune. Frå no av vert han pensjonist, men ingen har tru på at det vert lange og keisame dagar for den aktive kulturmannen. Han er engasjert i mangt og mykje av lag og aktivitetar, særleg då her i heimbygda, og i tillegg har han sagt at han har ønskje om å reisa ein del.

Kristian Bringedal har gjennom dei 14 åra som kultursjef, vore ein viktig talsmann for å få kulturen ut til folket. Med engasjementet sitt har han vore eit førebilete, og han har vore ein kultursjef som vil verta hugsa for ettertida. Kultur- og lagsengasjementet hans har fulgt han frå tidlege ungdomsår, og vert også ein svært viktig del av pensjonisttida hans.

Kristian er allsidig kulturinteressert, men aller nærast kulturhjarta hans har det nok vore å ta vare på kulturarven vår frå tidlegare tider. Frå starten har han vore sentral i arbeidet med Bygdetunet (opna i 1983) og Bøkkerverkstaden (opna i 1995) på Rød. Det vart tidleg bestemt at den nedlagde skulen i Haugland krins skulle verta skulemuseum. Etter at den hadde stått og forfalle, vart det fart i dette arbeidet då Vidar Haugland tok tak i det då han var pedagogisk konsulent på skulekontoret. Seinare har Kristian også lagt ned eit stort arbeid for skulemusèet.

Sjølv om Kristian Bringedal no vert pensjonist, vil han halda fram som kommunen sin kontaktperson som frivillig, både når det gjeld Bygdetunet Rød, Bøkkerverkstaden og skulemusèet på Haugland. Det vil seia at han har ansvar for tilsyn, arrangement, omvisning og utleige av dei tre stadene.

Vi kjenner til at avgangen til Kristian i alle fall har vore markert i tre ulike kommunale samanhengar. Først vart det saman med alle tilsette i verksemda han leia, Kultur og fritid. Det har [vi tidlegare skrive om her](#). På siste skuleiarsamlinga før ferien vart det også markert. Der var også tidlegare rektorar invitert, og frå Uskedalen møtte både Britt Arnesen og Vidar Haugland. Siste markering var i rådhuskantina med kake onsdag. Der var

det m.a. tale av påtroppande kultursjef Linda Øen, kommunalsjef Gunn Tove Petterteig og solosong ved rådmann Odd Ivar Øvregård.

Det har vorte sagt om Kristian at han har vorte meir og meir aktiv etter som åra har gått. Vi har ikkje tru på at han kjem til å setja ned tempoet. Uskedalen er heldige som har denne drivkrafta av ein pensjonist i sine rekkjer!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland